

●● Er vi villige til å godta denne propagandaen og godta at desse populistiske leiarane skal få makt ved at vi stemmer dei fram?

Gunn Berit Gjerde

PRIDE

Refleksjonar i samband med Ålesund Pride

Aldri tidlegare har eg fått så mange reaksjonar som i høve kronikken min om deltaking i Ålesund Pride. Eg er takksam og glad for det. Reaksjonane kan seiast å vere i to kategoriar;

Dei kritiske som meiner eg er intolerant og øydelegg for dei homofile sin rettighetskamp.

Dei positive (langt dei fleste) som takkar fordi kronikken har gitt dei legitimitet til å kome med motførestellingar mot FRI og prideideologien.

Dei i den første kategorien har hatt fokuset på det nærliggande; viktigheita av å stå opp for dei homofile og protestere mot fordømming og hat som homofile framleis kan risikere å bli møtt med. Dei meiner debatten om overordna tema (t.d. retten til familie) må komme i ettertid. (Ein av deltakarane i paraden, sokneprest Vatne, svara nettopp det på spørsmål frå Sunnmørsposten sin reporter). Dette ser eg samsvarar og med opplegget for arrangementet der det ikkje var lagd opp til nokon meningsutveksling om temaet, og under paraden var ordet familie nemnt berre to gonger. Den andre gongen, i ei undersetning i talen til Mindestrømmen (FRI Ålesund) under paraden.

Eg har respekt for dei som, i motsetning til meg, valte å delta og eg forstår deira syn. Men eg minner om at I. Endestad (leiar for FRI Norge) har uttalt at prider fungerer som ei plattform for dei kampane som er igjen å kjempe. Eg er difor rimeleg sikker på at FRI tar deltakinga i Ålesund Pride til inntekt for prideideologien og deira rettighetskrav mellom anna i høve familie.

Dei i den andre kategorien oppfatar eg har sett pride i lys av FRI sin ideologi og er skremt over den samfunnsutviklinga som teiknar seg ut frå denne. Reaksjonane stadfestar også mitt tidlegare inntrykk om at det har utvikla seg ein «trong meiningskorridor» i alle spørsmål som handlar om homofile sin rettighetskamp. Mange ve-



ÅLESUND PRIDE: Frå paraden under Ålesund Pride 1. september i år. FOTO: MARIUS SIMENSEN

grar seg for «å våge sitt gode namn og rykte».

Intensjonen min med kronikken var nettopp å få fokuset på prideideologien og kva konsekvensar denne vil kunne få i viktige samfunns- og verdispørsmål knytt til barn og familie. Når det gjeld den tronge meiningskorridoren, så ser eg det som viktig no også å rette fokus på kva som skjer både i det politiske landskapet og innan det religiøse feltet her til lands. Frå tidlegare har AP sitt mektige homo-nettverk fått stor innflytelse inad i statsapparatet, i organisasjonane og ut i undervisningsinstitusjonane gjennom sine Rosa kompetanseprosjekt. Tilsvarande oppbygging av slike nettverk skjer no innan dei fleste politiske parti, og LGBTI+ -kompetanse er no på fleire sin dagsorden. Kirkerådet har innleia eit samarbeid med FRI for heving av LGBTI+ -kompetansen inad i eigne rekker, og i KrF går debatten høgt om spørsmål relatert til barn og familie.

Eitt talande eksempel på korleis interessene til dei homofile vinn fram i bioteknologispørsmål, er den vellykka strategien som resulterte i at fleire fylkesleiarar innan partiet Høgre endra mening i spørsmålet om eggdonasjon. Mellom dei to siste landsmøta i partiet arrangerte Kvinnenettverket og Åpne Høyre (homonettverket) møter med alle fylkesleiarane. Her i fylket gav det seg utslag i at Dag Olav Tennfjord endra syn i spørsmålet om eggdonasjon.

Det kan elles nemnast at leiaren i Kvinnenettverket Tina Bru, også har fronta dei ufrivil-

lig barnlause si sak i samband med eggdonasjonsdebatten.

Eg antar at ein liknande strategi som vart nytta i Høgre, vil bli brukt i fleire politiske parti når det neste store spørsmålet innan bioteknologi kjem på dagsordenen i løpet av dei næraste åra; nemleg spørsmålet om surrogati. For å oppnå likebehandling og likestilling blant dei homofile, blir dette eit sentralt og svært viktig spørsmål i deira rettighetskamp vidare framover. Eggdonasjonsvedtaket vil garantert bli brukt som «brekkstong» i forhold til spørsmålet om surrogati.

I lang tid har det vore ein skeivrepresentasjon i media når det gjeld å sleppe til kritiske ytringar omkring LGBTI-spørsmål. NRK har som den store medieaktøren også valt å bidra aktivt for å nedtone betydninga av dei biologiske banda mellom barn og foreldre; t.d. gjennom den populære barnetv-serien Snøfall.

Alt dette visar dei sterke krefte og alliansane som arbeidar for å fremme prideideologien i samfunnet vårt. Vi treng å sette søkelyset på dette skeive maktforholdet, når vi vidare framover skal drøfte korleis vi som samfunn vil vekta barna sine rettigheter oppimot vaksne sine ønske og behov.

Det er dessverre relativt få som i dag fremmer barneperspektivet i debatten. Reaksjonane eg har mottatt visar at mange delar mitt syn. Forhåpentlegvis vil fleire no våge å kome med sitt bidrag – både for å halde debatten varm og for å få barnefokuset meir i sentrum.

I kva grad vi varetar barna sine rettigheter, meiner eg er ein kvalitetsindikator for oss som samfunn. Vi må ikkje miste av synet at dette faktisk handlar om den aller svakaste parten.

MARIT JOHANNE BRUSET

RUSPOLITIKK

Nei til skjenkebevilling til O'Learys

Vanligvis er det slik at en skjenkebevilling i Ålesund kommune ikke angår oss folkevalgte i nabokommunen Skodje, men i dette tilfellet ligger det aktu-

elle stedet nærmere kommunegrensen til Skodje enn Ålesund sentrum. Moa er også plassen de fleste skodjebygdene drar for underholdning og innkjøp med barna sine.

Min holdning er at alkohol skal ikke serveres der barn oppholder seg, for barn og alkohol er inkompatible. Jeg er på ingen måte en avholdsmann, men ser at alkoholisme og rusavhengighet er et økende problem i samfunnet vårt. Som lærer ser jeg resultatet av det hver dag. Her må vi som samfunn ta et ansvar, hvor vi alle som en må skjerpe oss. Barna kommer først!

For, når vi drar med barna våre til en familierestaurant, er det for at de skal få en opplevelse og et hyggelig minne, ikke fordi vi voksne skal drikke en halvliter eller to. Det har vi mer enn nok muligheter til ellers, og kan spare dem til et hyggelig lag med andre voksne. Da smaker de nok bedre også.

Vi har barna våre en så kort tid og den går raskt, og de er



SPORTSBAR: O'Learys åpnet Nordens største sportsbar i Stockholm i 2013. På Amfi Moa åpner de 3.500 kvadratmeter, desidert størst i Norge.

heller ikke så ofte ute og spiser på restaurant som vi voksne er. Barn kan derfor ofte huske slike opplevelser hele livet. Sørg for at det blir et godt minne! Velg bort både mobil og alkohol, og bruk hele din oppmerksomhet på barna dine, snakk med dem og ta del i deres opplevelser!

For snart er barna flyttet ut fra hjemmet og skal begynne sine voksenalv. Høyt alkoholforbruk og alkoholisme er ofte arvelig. Derfor skal foreldre som er trygge og gode rollemødder ha en ekstra honnør for at de drar på slike opplevelser

som familierestauranter ene og alene for barna sine, ikke seg selv og sitt alkoholkonsum.

Konsept utgått på dato

O'Learys er et svensk firma med to milliarder i omsetning og som åpnet sin første restaurant i Gøteborg for tredve år siden. En såkalt Bostonian Sports Bar, et over femti år gammel konsept hvor man serverer øl, burgere og viser sport på TV-skjermer. Ikke akkurat en ny vri, men en velprøvd en som undertegnede gikk lei av for 20 år siden. En annen ting er at maten de serverer ikke er noen kulinarisk «höjdare» heller, spør du meg. Så dette er hverken et nytt eller innovativt konsept, og det hele er egentlig utgått på dato.

At internasjonale storaktører som O'Learys og Olav Thon velger å se bort fra gjeldende regler når det gjelder skjenkebevilling i Ålesund og allikevel bestemmer for å etablere et alkoholbasert konsept, for stå for deres egen risk og regning. Vel, som de sier i Boston: «Tough luck, baby!».

For det skal ikke være slik at den som er tøffest i trynet og tar seg til rette skal få en fordel ovenfor dem som har fulgt reglene til punkt å prikke. I så tilfelle åpner Ålesund kommune for søksmål fra aktører som har ønsket å åpne opp restauranter på Moa og andre kjøpesentre, men har avstått fra det på grunn av gjeldene regler.

Hold Moa alkoholfritt!

Mange dyktige drivere på Moa har drevet bedre konsept med suksess over mange år, og uten å servere alkohol. Så kanskje mine lokalpolitikerkolleger i Ålesund burde utfordre O'Learys til å prøve det samme?

Hvis ikke bør andre aktører få lov til å prøve seg i samme lokalet. Selv ville jeg ha likt å se en fiskebasert familierestaurant som tyske Nordsee, som har 300 restauranter verden over, til å etablere seg på Moa. Det hadde vært en fiskeby som Ålesund verdig, og ikke en blek kopi av en bar vi så på komiserien «Cheers» på TV-Norge for førti år siden.

Uansett, vi bør holde Moa alkoholfritt, for barna våre.

PÅL AARSÆTHER
Kommunestyrerep. Skodje Høgre